

Saksprotokoll fylkestinget - 16.06.2021

«Kva vil Vestland fylkeskommune som skuleeigar gjere for å sikre at lærebøker og andre læremiddel ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid for elevane i vidaregåande skule kuleåret 2021/22, slik at reglane i opplæringslova om jamstelling mellom nynorsk og bokmål blir følgde for elevane i Vestland?»

Bakgrunn

Kommunar og fylkeskommuniar spelar ei sentral rolle i språkpolitikken. Ikkje minst gjeld dette i Vestland, som Noregs største nynorskfylke. Opplæringslova slår fast at lærebøker og andre læremiddel skal ligge føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris, for å sikre nynorskelever ei like god lese- og skriveopplæring som bokmålselever.

I overgangen til Fagfornyinga har det i inneverande skuleår skjedd mange grove brot på denne regelen i opplæringslova - også i vidaregåande skular i Vestland. Eit fåtal av læreverka var klar til skulestart sist haust, og nynorskutgåvene har jamnt over vore klare ein dryg månad seinare enn bokmål. I nokre tilfelle har det vore langt verre enn det også. Til dømes fekk elevane på VG1 TIP ved Odda vidaregåande skule si siste lærebok på nynorsk siste veka i mai - rett før skuleåret var slutt.

Det er grunn til å frykte at liknande skeivutgiving vil skje i fagfornyinga på vg2-trinnet komande skuleår. Dersom bokmålsvariantane systematisk kjem tidlegare enn nynorsk-variantane, vil det i praksis seie at skular og elevar blir pressa over til bokmål - på grunn av ein praksis som er i direkte strid med opplæringslova.

Vestland fylkeskommune må som skuleeigar snarast gripe tak i denne situasjonen, og bruke si makt som det største nynorskfylket i landet til å få slutt på denne lovstridige praksisen.

Svar frå fylkesordføraren:

Hovudutval opplæring og kompetanse vedtok 13.oktober i PS 51/20 følgjande høringsfråsegn til forlag og andre produsentar av læremiddel:

«*Vestland krev lærebøker på nynorsk*

I samband med innføring av fagfornyinga fra skuleåret 2020/21 skal det produserast nye lærebøker og andre læremiddel. § 9-4 i opplæringslova slår fast at ein i grunnskulen og vidaregåande opplæring, med nokre få unntak, berre kan bruke lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på begge målformer til same tid og til same pris. Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland meiner dette er eit viktig prinsipp for å sikre bokmåls- og nynorskelever lik rett til utdanning, men er klar over at det har vore problem med å skaffe nynorskelever læremiddel dei har krav på.

Enkelte vidaregåande skular melder denne hausten om at det har vore problematisk å få tak i lærebøker på nynorsk. Eit døme er Hafstad vidaregåande skule som manglar naturfagbøker på nynorsk. Dette er ikkje greitt, og hovudutval for opplæring og kompetanse er sterkt uroa over at nynorskelever ikkje får læremiddel på eiga målform. Ved innføringa av den nye læreplanen er med andre ord situasjonen igjen at nynorskelever opplever at lærebøker på nynorsk ikkje ligg føre til same tid som bokmålsutgåver. Dette er noko hovudutval for opplæring og kompetanse ikkje kan godta.

Lærebøker på eiga målform er ein viktig føresetnad for lik rett til utdanning. Som eit stort nynorskfylke er det naturleg for Vestland fylkeskommune å følgje opp moglege brot på parallelitetsskravet til læremiddel. Hovudutval for opplæring og kompetanse krev at forlag og andre produsentar av læremiddel klarer å levere læremiddel på begge målformer til same tid og same pris. Dette har elevane våre krav på.»

Fråsegna vart sendt til Den norske forleggerforening i brev datert 21.10.20.

I svar frå Den norske forleggerforening, datert 16.11.20, heiter det:

«*Forlaga er klar over kravet til parallelitet mellom språkformene og tar dette på stort alvor. Forleggarforeininga og medlemsforlaga ber om orsak for at forlaga ikkje har klart å oppfylle kravet i lova, og gjer det dei kan for å rette opp i situasjonen.*

Dei fleste læremidla blir skrive på bokmål og omsett til nynorsk. Målet er alltid, og i tråd med lova, at læremiddel skal utkome på begge skriftspråk til same tid (og til same pris). Forleggarforeininga har vore i dialog med departementa om at kor viktig det er at forlaga får tid på seg frå ferdige læreplanar føreligg til dei skal implementerast.

Vi har vore i kontakt med og vidaresendt brevet frå Vestland fylkeskommune til alle dei forlaga som er medlem i foreininga og som produserer læremiddel.

Ansvaret for at parallelitetskravet blir oppfylt ligg på utgjevarane, og vi ber igjen om orsak for at kravet ikkje har vore oppfylt.»

I opplæringslova § 9-4 heiter det:

«I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og på nynorsk til same tid og same pris.»

Eleven sin rett til læremiddel på si eiga målform er utdjupa i forskrift til opplæringslova, kapittel 17. Det går fram av forskrifta § 17-3 at skuleeigar har ansvaret for å sikre elevane sine språklege rettar.

I gjeldande rammeavtale for kjøp læremiddel er det eit krav at leverandør skal levere læremiddel på nynorsk og bokmål til same tid og same pris.

Fylkesordføraren er kjent med at fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har merksemd på skuleeigar sitt ansvar for å sikre elevane sine språklege rettar. Fylkesdirektøren er kjent med utfordingane knytt til læremiddel i samband med fagfornyinga, og vil før skuleåret er avslutta, minne skulane om å vere medvitne om deira ansvar når val av læremiddel vert gjort, og slik medverke til at elevane sin rett vert sikra.